



Den som ikke har gjemt seg nå, den skal stå. Sandsekkene utenfor tilfluktsrommet i Eilert Sundts gate i Oslo kunne også brukes til lek. Men bombefaren var reell under hele krigen – først fra tyske bomber, siden fra allierte fly.

Alle foto hentet fra boka *Norge i krig i bilder*



Tyske soldater slapper av med avislesing. Tyskerne ga ut flere aviser i Norge. Soldaten til venstre leser *Deutsche Zeitung in Norwegen* som var hovedavisen. I Nord-Norge ble *Deutsche Polarzeitung* gitt ut. Wehrmacht publiserte dessuten *Die Wacht in Norden*.

Gruffullt og storarta om Krystallnatta

■ Meld av **Johannes Morken**

johsm@vl.no

22 310 394

Martin Luther fekk sitt ønske oppfylt natta til 10. november 1938: Då stod synagoger, jødiske gudshus, i brann i heile det tyske riket.

Vi er mange som står i tradisjonar som ikkje har noko å rose seg av når det kjem til jødehatet. No skal vi ikkje redusere skulda til dei tyske nazistane: Dei klarte så altfor godt å vere industrielle masseordarar som sorterte menneske med kaldt blod og giftig gass. Men den lutherske inspirasjonen som nazistane trass alt fekk, bør gjere oss ille til mote.

Opptakten. Øyvind Foss har gjeve oss eit både glitrande og gruffullt innsyn i opptakten til Holocaust. Han har samla kunnskapen om Krystallnatta i 1938 mellom to permar. Og her er det mykje dei fleste av oss ikkje visste før.

Krystallnatta kom som eit mærritt for jødane natta til 10. november. Nazistane i Tyskland brukte mordet på ein tilsett ved den tyske ambassaden i Paris som påskot til å gå laus på jødane. 1.400 synagoger vart sette i brann i Tyskland og Austerrike. Butikkar vart knuste, heimar øydelagde og graver skjenda. Nær 30.000 jodar vart sende i konsentrasjonsleir. Over 400 vart drepne eller tok sjølv mord.

Dette var eit toppunkt på ei utvikling som starta med maktovertakinga i 1933 og skaut ny fart med raselovene i 1935/36: Gradvis vart jødane støyte ut og knebla. Krystallnatta vart også eit blodig varsel om det som skulle komme: Massemordet i krematoria.



KRIGSBOK

Øyvind Foss
Krystallnatten

Spartacus

Gruffullt innsyn også i nazismens lutherske røter.

november skaut den unge jøden Herzl Gryhnsplan ein ambassadetilsett i Paris. Han skaut i fortvilning over at tusenvis av tyske jodar, hans eigen familie inkludert, var deportert til den polske grensa.

Sanninga om mordet ville dei nazistiske leiarane for alt i verda ikkje skulle komme fram: At Gryhnsplan og Ernst vom Rath var homofile elskarar. At ein tysk tenestemann var aktiv homofil, var ei synd den ariske

staten ikkje kunne vedstå seg. Drapet vart derimot utnytta til å utløyse marerittet under Krystallnatta, ved å hevde at Gryhnsplan var ein reiskap for den internasjonale jødedommen som ville det tyske riket til livs.

Tanken på ei rettsak mot Gryhnsplan for å utnytta dette ytterlegare, vart derimot skrinlagt. Truleg vart Gryhnsplan drepne i ein leir.

Luthers appell. Og så var det denne Luther. Han hadde sanneleg stilt seg lagleg til for å bli utnytta nazipolitisk. Luther vart då også hylla etter Krystallnatta. I Luthers appell til landsfyrstane knapt 400 år før Krystallnatta, sa han: «For det første skal det settes fyr på jødene synagoger og skoler; det som ikke vil ta fyr, bør utslettes og jevnes med jorden...» «For det andre skal hus og boliger rives ned og ødelegges». Han ville jamvel sende unge jodar i arbeidsleir og jage jodar som hundar.

Vi kunne ha sitert meir av det Luther sa om jødane og blitt meir ille til mote som lutheranarar og kyrkjefolk. Her held det å minne om appellen om synagogebranninga. For denne appellen fekk han ros av ein biskop etter at nazistane gjorde alvor med fyrstikker.

Glad biskop. Biskop Martin Sasse gledde seg ikkje minst over at brenninga av synagogene fall på Luthers eigen fødselsdag og at «Førerens velsignelsesrike kamp for folkets fullstendige frigjøring» no var krona med seier. «Nå må Luthers stemme høres», utbasunerte biskopen så det i dag riv i ryggmergen: Kunne ikkje Luther heller halde munn.

Men Luther heldt ikkje munn. Problemet med kyrkja i 1938 var at den heldt munn og svikta sine jødiske brør. Boka fortel den skamfulle historia – men nemner også dei få som hadde mot til å seie frå, som domprost Lichtenberg i Berlin. Han måtte bøte med livet.

Systematisk. I Tyskland fanst det også andre som mislikte synagogebrannane. Men deira stemmer vart borte. I staden samla Herman Göring to dagar etter ein større regjeringskonferanse for systematisk å undertrykkje og støyte ut jødane, det som seinare skulle bli utrydding. Det einaste dei var usamde om, var om det var lurt å øydeleggja forretningar sidan jødane kunne få forsikring utbetalt. Dei erstatningane sytte nazistane for å inndra.

På 160 sider får vi eit lærerikt innsyn i Krystallnatta. Og snart er det ein ny årssdag der det er vel verd å minne kvarandre om historia om brannane og terrorstatens systematiske ugjerningar.